


FYRESDAL FRILUFTSBAD

Tilskudd til attraktive, klimasmarte og inkluderende byer og tettsteder innenfor
virkeområdet til HP 2023-2026 for ATP Telemark

Planlegging av flytende badeanlegg med badstue på Fyresvatn



Bakgrunn og prosjekt

Fyresdal – eit berekraftig reisemålsutvikling som aukar både bu og bolyst

Fyresdal har dei siste åra vorte ein leiande destinasjon for naturbaserte opplevingar. Med over 65 000 årlege vitjingar til Tretoppvegen og Hamaren, har kommunen lukkast med å skapa eit tilbod som kombinerer lågterskel friluftsliv med universell utforming og høg opplevingsverdi. Denne suksessen forpliktar – og opnar for vidare utvikling.

Hamaren og Tretoppvegen har vunne fleire nasjonale og internasjonale prisar for sitt inkluderande design, og vi ser kor viktig det er å jobbe mot at resten av tilbodet i Fyresdal også strekker seg mot å vere så inkluderande som mogleg.

Det finnes ingen fullverdig gode bade- og sauna tilbod som er universelt utforma og har eit inkluderande design, seier DOGA. Mange har Sauna som er tilgjengeleg, men ofte blir bademoglegheitane begrensa.

I fleire samanhengar, mellom anna i høyringsrundar til kommunens plan for kultur, idrett og friluftsliv, har både fastbuande og hyttefolk gjeve uttrykk for ønskje om eit offentleg tilgjengeleg badstutilbod – med moglegheit for bading i Fyresvatn. Dagens offentlege badstuer er berre opne nokre få timar i veka, og gjev inga moglegheit for isbading eller heilårsbruk.

Vi ser for oss beliggenhet i tilknytning til Hamaren aktivitetspark. Der har vi allereie god infrastruktur med tanke på parkering og det blir minimale avtrykk i naturen. I tillegg er dette sentrumsnært slik at vi får oppretthalde 15 minuttars (gange) samfunnet vårt – der veldig mange aktivitetar er innafor 15 minuttars gå-avstand.

Vi fekk merket Berekraftig reisemål i 2024 og blei teken fram som best i klassen delvis grunna overnattingskonseptet Landsbyovernatting og delvis fordi kommunen tek eit stort ansvar i å utvikle reisemålet Fyresdal. Vi har sidan 2024 jobba målretta med servering, overnatting og opplevingskonsept som gjer at reisande i Fyresdal blir lenger når dei fyrst har teke turen.

Fyresdal – attraktiv plass for datasenter vil medføre tilflytting og behov for fleire møteplassar

Sidan Fyresdal var ein omstillingskommune i perioden 2017-2022 har det blitt jobba målretta for å få til ei etablering av datasenter. Fyresdal er attraktiv for dette formålet fordi kommunen har tilgang på overskotskraft gjennom Brokkelinja og området datasenteret er tenk har veldig gunstige forhold for ei slik etablering. I tillegg har Norge ei viktig geopolitisk rolle, noko som gjer det risikoreduserande å sjå til Norge.

Ei etablering i denne storleiken vil medføre betydeleg tilflytting, både i utbyggingsperioden og i driftsfasen. I utbygginga vil det vere mellom 200-350 arbeidarar tilknytt brakkerigg. I ei driftsfase kan datasenteret tilføre bygda 150 direkte nye arbeidsplassar. For ein liten kommune som Fyresdal, med ca 1260 innbyggjarar vil dette ha enorme ringverknadar for både næringslivet, dei som bur der og dei som besøker bygda. Men, det vil også medføre eit ansvar om integrasjon av nye folk, Med så mange nye folk i bygda er det viktig å utvikle gode møteplassar slik at nye tilflyttarar blir integrert med lokalsamfunnet.

Sauna, eit verktøy for verdiskaping og inkludering i reiselivet og for integrasjon i lokalsamfunnet

Det å jobbe fram eit Sauna konsept i Fyresdal er veldig relevant og aktuelt. I Finland, der badstue er ein viktig del av kulturen, har badstue også vore brukt som eit verkemiddel i integreringsarbeid. Nokre integreringsprosjekt har brukt badstue for å introdusere innvandrarar for lokal kultur og for å byggje sosiale nettverk.

▪ Felles arena for sosialt samvær

Badstuebruk skjer ofte i ein uformell og inkluderande setting der folk møtast på tvers av alder, bakgrunn og status. Slike møteplassar kan byggje ned sosiale og kulturelle barrierar og fremje dialog og forståing.

▪ Lågterskeltilbod

Badstue er eit lågterskeltilbod som ikkje krev språkkunnskap eller spesielle ferdigheiter, noko som gjer det lettare for nykomarar å delta. Det kan vere ein trygg og enkel måte å bli kjend med lokalsamfunnet på.

▪ Fellesskapskjensle

Felles opplevingar, som å dele stillheita, varmen og eventuelt isbading etterpå, kan styrkje fellesskap og tillit – viktige faktorar i integrasjonsprosessar.

OM PROSJEKTET

For å møte disse behovene og samtidig styrke sentrum som helårsdestinasjon, ønsker Fyresdal kommune å **etablere et flytende friluftsbad med badstue i Fyresvatn**. Dette vil utvide aktivitets- og opplevelsestilbudet i tilknytning til Tretoppvegen og Hamaren, og samtidig skape en ny attraksjon med stort potensial for både lokalbefolkning og turister. I Fyresdal har vi sett kor viktig inkluderande design er for brukaren, næringslivet og for samfunnet generelt.

Fyresdals basstogbad.

Dr. O. Prydz kom med bo fraa dr. Rømkke um ei gaave, um fyresdølane sjølve vilde koste resten av det som traangst til ei basstoge. Dei tok dette boe, og i 1899 var basstoga færdig. Det var ei av dei fyrste i sitt slag i lande. Nemndi som skjipa arbeie var: dr. Karud, Torgeir Lie og T. T. Skræi. Fullt færdig kosta basstoga umlag kr. 1000.00. Pengane kom soleis:

Dr. Rømkke . kr. 350.00


Kong Oscar II . " 100.00

Statsminister Løvenskiold . " 100.00

Fraa Fyresdal . " 450.00

Søkingji hev vore god. Fyste 3–4 aari var der um laudagane 26–27 som lauga seg. Dei seiste aari noko minder.

Basstoga er uppe kvær laudag med undatak av sumaren. Laugji kostar 10 øre for vakane og 5 øre for bonn. Seinare hev prisen auka. Basstoga er ved Bygdaraai i Kjørkebygd.



Tekst og bilde fra boka «Fyresdal» av Bendik Taraldlien, 1910

Figur 1: Historisk forankring

FASE 1: Forprosjektet

For å få til eit Sauna-konsept slik vi ser for oss er det naudsynt med eit forprosjekt. Det er viktig å få fram at Fyresvatn er regulert grunna kraftproduksjon. Dette medfører ujamn vasstand. I tillegg ser ein ofte at det legg seg is på vatnet om vinteren. Det vil derfor vere meir krevjande å lage teknisk kravsspesifikasjon enn i vanlege saunakonstruksjonar

Forprosjektet skal utrede muligheten for å etablere et **inkluderende og spektakulært friluftsbad med badstueanlegg**, tilgjengelig for alle – hele året. Det skal også danne grunnlaget for søknader om ekstern finansiering og videre realisering av hovudprosjektet, altså bygging.

Hovedmål

- Utrede mulige løsninger for plassering og teknisk utforming (flytende eller på pæler)
- Kartlegge behov og ønsker fra ulike brukergrupper gjennom for eksempel spørreundersøkelse
- Innhente teknisk og arkitektonisk bistand til utforming og konseptutvikling

- Lage en kostnadsanalyse og forslag til driftsmodell
- Utvikle søknader til aktuelle tilskotsordningar
- Sikre universell utforming og aktivt involvere brukarar med nedsett funksjonsevne

Konkrete aktivitetar i fase 1

1. Medverking og brukarinnsikt

- Gjennomføre spørreundersøkelse blant lokalbefolkning, turister og hytteeiere
- Innhente erfaringer og innspill fra personer med funksjonsnedsettelse
- Nytte høyringsprosessen for kommunedelplanen for kultur, idrett og friluftsliv som arena for ytterlegare innsikt

2. Konsept og teknisk vurdering

- Utreie flytande anlegg eller pælfundamentering
- Vurdere energikilder: strøm, vedfyring eller kombinasjonsløsninger
- Undersøke reguleringsforhold og vasstand i Fyresvatn
- Innhente rådgevinge ingeniørar og arkitektar for vurdering av berande konstruksjon og tilkoplingar

3. Tilgjengelegheit og inkluderande design

- Planlegge trinnfri tilgang, tilrettelagte garderobar og sikre tilgang til vant
- Samarbeide med brukarorganisasjonar og ekspertar på universell utforming

4. Organisering og finansiering

- Avklare eigarstruktur og drift (eks. kommunalt eid, ideell drift, frivilligsentral som nøkkeltør)
- Vurdere inntektsgrunnlag (ikke-kommersiell, men selvfinansierende modell)
- Utvikle konkrete søknader til tilskuddsordninger (eks. Sparebankstiftelsen DNB, Gjensidigestiftelsen, Miljødirektoratet m.fl.)

Redegjørelse for forankring av oppgaven (overordna føringer, RPS/regional plan/ handlingsprogram, planer og politiske vedtak i kommunen osv.)

I vedtatt plan for samfunnsutvikling, strategi for Næring og arbeidsliv, har Fyresdal kommune forpliktet seg til å legge til rette for vidareutvikling av kommunen som turistdestinasjon og legge til rette for bu og bli-lyst.

Fyresdal kommune har gjennom samarbeid med Vest-Telemark rådet vært med på en overordna gjennomføring av en reiselivsstrategi. Dette merket fekk vi i 2024.

Videre ble det vedtatt i kommunestyret i februar 2025 en tiltak- og handlingsplan for Fyresdal som turistmål. Det blei vedteke å sette av 550 000 kroner til ulike tiltak innanfor reisemålsutvikling, i delprosjekta; Digital synlegheit og berekraftig besøksforvaltning, lokalmat,

servering, overnatting og vertskap. Prosjekt Fyresdal Friluftsbad høyrer til delprosjektet berekraftig besøksforvaltning.

Kommunestyret har også vedteke budsjett for 2026 (blir rullert i 2025) med ein post på 1 000 000 kroner. Noko av dette vil nyttast til forprosjektet.

Budsjett og finansieringsplan

Busjett	
Prosjektledelse	75 000
Medvirknadsprosess	75 000
Konsept og teknisk vurdering	150 000
Design (inkluderande og UU)	150 000
Prosjektfinansiering	50 000
Totalt	500 000
Totalt	500 000

Finansiering	
Fyresdal kommune, Friluftsmidler for Arendalsvassdraget	70 000
Fyresdal kommune, investeringsbudsjett	375 000
Privat bedrift, medfinansiering	55 000
	500 000

Beskrivelse av budsjett og finansieringsplan, inkl. kommunens egeninnsats/egenandel

Vi søker om 150 000 i finansiering fra ATP, Fylkeskommunen som utgjør 30% av projektkostnadane. Dersom støtta blir redusert kan prosjektet skalerast ned noko.

Det private næringsliv, lag og foreiningar er positive til å delta på finansiering av sjølve bygget, men mange er skeptiske til å legge pengar i eit forprosjekt. Det er derfor viktig at kommunen og Fylkeskommunen dreg den fyrste delen av lasset.

I tillegg til kostnader som er lista i finansieringsplanen vil kommunens eigeninnsats kome i tillegg.

Prosjektleiing

Vi ønsker å bruke Høgde AS som prosjektleiarar, delvis fordi dette er ei virksomhet med spesialkompetanse på området, det er ei lokal bedrift og det var Høgde (tidlegare ansatt i Faun AS) som hadde prosjektleiing på Hamaren og Tretoppvegen.

Medverknadsprosess

For å nå visjonen om å lage eit inkluderande Sauna og badekonsept vil det krevje gode og omfattande medverknadsprosessar, med stor bredde i brukargruppene. Ein del av målgruppene ein må skaffe innsikt frå finn ein ikkje lokalt. Det vil vere kombinasjon av fysiske møter, digitale møter og spørjeundersøkingar. Eksempel på ulike målgrupper ein må skaffe medverknad frå;

- Interesseorganisasjonar og brukargrupper (innanfor kategorien nedsett funksjonsevne)
- Næringsliv (lokalt, regionalt og nasjonalt)
- Reiselivet (bedrifter, besøkande og hyttefolket)

- Privat personar (folk i alle aldersgrupper)

Konsept, teknisk vurdering og design

Det er viktig at vi tidleg i prosessen får ein god oversikt og tar høgde for det vi veit er komplekst og kostnadsdrivande. Dette gjeld blant anna teknisk kompleksitet ved å legge noko på eit regulert vatn, som frys om vinteren. Ingeniørar og arkitektar må jobbe saman på dette

Prosjektfinansiering

Dette skal dekke diverse søknadsskriving til ulike finansieringskilder som kan vere relevante. Aktiviteten vil bli delt mellom Høgde og Fyresdal kommune.

Enkel fremdrifts- og prosessplan

Frå juli – august vil vi bruke tida til å setje prosjektplanen. Arbeidet med medvirknadprosess startar i august – og vi ser for oss at den er ferdig i oktober. Involvering av teknisk bistand, design og konseptutvikling vil skje når vi har fått noko innsikt på bordet. Søknadsskriving for fullfinansiering av Fyresdal Friluftsbad vil starte så fort vi har eit truverdig kostnadsestimat.

Vi ser for oss at forprosjektet er ferdig i januar 2026.

Sjå og vedlegg bakerst i dokumentet for Gantt framstilling.

Organisering og redegjørelse for hvem prosjektet involverer/tverrfaglig tilnærming

Prosjekteier; Fyresdal kommune

Prosjektleiing; Høgde AS

Arkitekt; Ikkje bestemt enda, men Feste Landskapsarkitektur og eller Effekt arkitekt som vi har erfaring å jobbe med vil nok bli engasjert.

Marked; Visit Telemark

Kommunal ressursgruppe:

Gerd Straume, næringssjef

Halvor Homme, kommunalsjef teknikk

Mona Gundersen, arealplan

Hilde Martini Momrak, kultur og oppvekst

Anne Lise Greivstad, Dagleg leiar, frivillighetssentralen

Mari Sørums Juva, byggesak

Torfinn Straume, teknisk drift

Elin Skålid, landbrukssjef

Svånaug Dyrland Valseth, kommunikasjonsmedarbeidar

Lokal ressursgruppe;

Isbadegruppa, frivillige og det private næringsliv

Beskrivelse av samhandling og/eller ønsket fagressursbidrag fra fylkeskommunen

Vi ønsker å nytte oss av fagmiljøet som er i Fylkeskommunen – og da ser vi for oss fylgande aktuelle fagområder;

- Næringsutvikling
- Idrett og friluftsliv
- Klima og miljø
- Samfunn og plan
- Kultur
- Folkehelse
- Samferdsel

Fyresdal kommune har i tidlegare prosjekt hatt god nytte av kompetansen frå Fylkeskommunen, blant anna har vi jobba godt saman med blant anna Kjersti Berg, Maja Foss Five og Mona Birgitte Rasmussen.

Ved å legge vekt på grønn omstilling, sosial inkludering og lokal verdiskaping, mener Fyresdal kommune at vi bidrar til at Telemark når sine mål om attraktiv, klimasmart og inkluderende by- og tettstedsutvikling i handlingsprogrammet for ATP Telemark 2023-2026. Initiativene krever litt investering og vi håper at Telemark fylkeskommune vil være med å realisere disse gode samarbeidsprosjektene

